

Nordhordland Utviklingsselskap IKS - Styret si årsmelding 2015

Type verksemd og lokalisering

Nordhordland Utviklingsselskap IKS er eit interkommunalt selskap eigd av kommunane Austrheim, Fedje, Gulen, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy og Radøy. Selskapet har kontor i Knarvik.

Regionrådet legg til grunn i strategiplanen at selskapet skal jobba med marknadsføring av regionen, betring av kommunikasjonane, nærings- og arbeidsplassutvikling og generelt jobba for meir effektiv forvaltning og tenesteproduksjon for kommunane gjennom interkommunalt samarbeid m.v. Dei største prosjekta selskapet har jobba med i 2015 er Region Nordhordland Helsehus, Kommunereforma og Unesco Nordhordland Biosfæreområde. Elles har selskapet jobba med andre prosjekt med mindre omfang samt ordinære / faste oppgåver for Regionrådet og Rådmannsutvalet i regionen.

Rekneskapsmessig resultat

Rekneskapan viser eit mindreforbruk på kr 832 567. Styret foreslår at kr 700 000 av mindreforbruket vert avsett til eit pensjonsfond. Pensjonskostnadar har vore vesentleg lågare enn i 2014, og det som er prognosen for 2016. Styret ser det fornuftig å ha eit pensjonsfond for å ta årlege svingingar og for å dekke inn framtidige pensjonskostnadar. Resten kr 132 567 vert avsett til disposisjonsfondet.

Drifta er finansiert av medlemsavgift frå eigarkommunane, prosjekttinntekter og litt driftstilskot frå Hordaland fylkeskommune. Styret meiner at årsrekneskapan gir eit rettvise bilete av selskapet sine eigendelar og gjeld, finansielle stilling og resultat.

Likestilling/HMS

Selskapet har 7,0 årsverk pr. 31.12.2015 fordelt på fem kvinner og tre menn. Det er ikkje gjort spesielle likestillingstiltak. Innan HMS-området har dei tilsette til kvar tid tilbod om å kjøpa utstyr som kan betra arbeidssituasjonen til den enkelte.

Arbeidsmiljø

Det sosiale arbeidsmiljøet vert rekna som godt, og det er ikkje registrert skader på dei tilsette i 2015.

Påverknad av det ytre miljø

Verksemda har ikkje vore til last for det ytre miljø. Det har vore normal avfallsmengd og ingen ureinande tiltak frå verksemda si side.

Grunnlag for fortsatt drift

Som det kjem fram av årsrekneskapan er det grunnlag for fortsatt drift av verksemda.

Knarvik, 25. april 2016



Håkon Matre
Styreleiar



Kari Torkildsen Utkilen
Styremedlem / nestleiar



Leif Taule
1.varamedlem



Rune Heradstveit
Dagleg leiar